



Når vi hører om motbakkeløpet "Skåla 1848 meter rett opp", merkar vi at sveitten pipar fram, og at vi nærast stivnar i beina. Ja, det er ikkje fritt for at vi får føling med blodsmak i munnen berre ved tanken av denne tøffe kraftprøven. Mellom den sprekare gruppa av folk er dette ei så populær utfordring at det stilte nær 1200 deltakarar på startstreken då det vart arrangert laurdag

Mellom deltakarane var det spreke uskedalsekteparet Steinar og Cathrine Haugland. Begge deltok i konkurranseklassen. Etter svært god innsats og veldisponerte løp nådde dei toppen på imponerende vis! Cathrine kom på ein flott 9. plass i den tøffaste dameklassen, K 35-39. Ho kom i mål i ei pulje på fire løparar og var berre få meter frå sjetteplassen. Vinnar var Norges fremste kvinnelege motbakkeløpar, Anita Håkenstad Evertsen, medan husnesjenta Kirsten Melkevik Otterbu som skal delta i VM i maraton i Osaka om ein månads tid, vart nummer to i klassen.



Sjølv om Cathrine gjorde ein formidabel prestasjon, må ho likevel finna seg i at Steinar har familierekorden i løpet. Han gjorde nemleg og eit svært godt løp og kom i mål om lag 6 minutt føre Cathrine. Vinnar i herreklassen vart Jon Tvedt som nyleg vart nummer to i "Nuten opp".

I tillegg til dei nemnde var det mange kjende idrettsstorleikar på startstreken. Vi nemner berre namn som Oddvar Brå, Kristen Skjeldal, Jori Mørkve og Roger Aa. Djupvik.

Løpet føregår i Loen, og arrangør er Loen idrettslag.

Av Thor Inge Døssland.